



Uskedalen treng brannstasjonen!

**Uskedalen Bondelag har registrert at det er kome framlegg frå administrasjonen i Kvinnherad Kommune om at drifta ved Uskedalen Brannstasjon kan bli lagt ned. Mange av medlemmane i Uskedalen Bondelag har uttrykt stor misnøye med dette forslaget. På bakgrunn av dette ynskjer bondelaget å fylgje opp denne saka vidare.**

Uskedalen er ei langstrakt bygd i vekst, både når det gjeld næring og bustadbygging. Landbruket er den største næringa i bygda. Dei siste åra har mange unge overteke gard og bygd nye moderne driftsbygningar. Gardsbruka ligg spreidd innanfor eit stort geografisk område. Særleg med tanke på utrykkningsstid er det avgjerande med ein brannstasjon i nærleiken.

Vi finn støtte for vår bekymring i ein rapport som er skriven etter forskning ved Høgskolen Stord/Haugesund, 2004, Brannikkerhet i driftsbygningar.

Punkt nr 4.4 Kva kjennetegner en typisk landbruksbrann?

«Dersom en ikkje tidlig kommer i gang med slokkingen vil brannen raskt spre seg».

«Etter noen minutter (størrelsesorden 10-15 minutter) er varmeutviklingen så stor at hele bygningen står i fare for å bli overtent. Da vil hele bygget brenne ned i løpet av kort tid. Det vil også være stor fare for bygg som ligger i nærheten.»

Det følast svært usikkert for bøndene i bygda korleis dette skal ordnast dersom brannstasjonen vert lagd ned.

Uskedalen bondelag er kjent med den store dugnadsinnsatsen som er lagt ned av mannskapa ved stasjonen, både med ombygging av stasjon og anskaffing av ny bil. Vidare trur bondelaget at det for folk flest skapar ein tygging for bygdefolket å ha denne beredskapen i bygda, for ikkje å snakka om dei som har opplevd brann eller andre situasjonar der dei har vore avhengige av hjelp frå brannvesenet.

I lys av dette finn bondelaget det urimelig at Kvinnherad kommune vurderer å leggja ned brannstasjonen i bygda for å gjera mindre besparelsar.

Bondelaget håpar på stort engasjement i bygda og kjem til å fylgje saka vidare!

**Uskedalen 16.11.2017**  
**Uskedal Bondelag**

Foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland